



Karl- Einar Njøten

Dato: 03.04.2017
Vår ref.: 2014/1626-7
Saksbehandlar: lisadla
Dykkar ref.:

Spørsmål om trafikksikring på fylkesvei 206 Døsje - Liaskjeret, Fjell kommune

Det vert vist til dine epostar av 29.01 og 02.04.2017 vedkommande fylkesveg 206 i Fjell kommune. Vi har vore i kontakt med Statens vegvesen vedkommande saka. Som det vert vist til så er denne vegen av lågare standard, særleg med omsyn til siktilhøve, og fart i høve til vegstandard. Vegen er ein del av det øvrige fylkesvegnettet i Hordaland, noko som inneber at den ikkje har så høg prioritering vedkommande å få utført tiltak som på det overordna fylkesvegnettet.

Statens vegvesen har i si tilbakemelding mellom anna vist til:

1. Når det gjelder veistrekningen Fv. 206, Hp. 0,1 Km. 2,230 til 2,790 er denne utbedret og alle ulykkene bortsett fra en fra før opprusting av veistandard og fortau.
2. Når det gjelder veistrekningen Fv. 206, Hp. 0,1 Km. 4,300 til 5,510 er denne svingete og det er her registrert 5 trafikkulykker.
3. I området med avkjøring til Sotra Tre og Betong og Brødrene Ulveseth er det registrert 4 trafikkulykker.

Frå Statens vegvesen si side så peiker dei særleg på siktutbetring og området med avkøyninga, jf punkt 4, som etter deira vurdering bør prioriterast på denne strekningen.

Det er likevel slik at i Hordaland er det mange fylkesvegar av likande standard, og fylkesveg 206 er ikkje prioritert i Hordaland fylkeskommune sitt Plan- og byggeprogram for 2017 når det gjeld utbetringar.

Fylkeskommunen arbeider no med *Investeringsprogrammet for fylkesvegnettet i Hordaland 2018-2029*, som skal handsamast i fylkestinget i desember. I Investeringsprogrammet vil omhandle korleis ein skal gå fram med tanke på punktutbetringar på det øvrige fylkesvegnettet, der denne fylkesvegen høyrer innunder. Dette arbeider er ikkje klart.

John Martin Jacobsen
seksjonsleiar

Lise Fauskanger Ådlandsvik
rådgevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

